



Helgheim blir no rusta skikkeleg opp. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Første prioritet for Uskedal Ungdomslag dette året har vore å rusta opp Helgheim og det er allereie gjort ein stor innsats i så måte. Men det er og ei viktig oppgåve å gje teatergruppa eit nytt liv. Historisk sett har arbeidet med amatørteater vore noko av det viktigaste for laget.**

- Når dei får det til i Omvikdalen, må også vi klare å halda ei teatergruppe i gang, seier formann Thomas Eide (30). Han har stått ved roret eitt år når årsmøtet blir halde søndag 28. januar. Arbeidet for å stable på beina ei ny teatergruppe blir starta på dette møtet.

I Helgheim står det framleis kulissar som minner oss om dei stolte tradisjonane..



Thomas Eide – entusiastisk formann i ungdomslaget. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Thomas medgjør at det har vore litt for roleg i laget i det siste, men dei har planar.

- Vi har eit godt styre, ei blanding av yngre og røynde folk, og eg vonar at dei som er på val held fram, seier Thomas.

Han avløyste veteranen Olaug Aasen som formann og er takksam for at ho framleis er med og tek eit tak. Ho har ikkje minst gjort ein stor jobb med barnediskotek og basarar. Held fram så langt gjer og Magni Tråvik (styremedlem), Rigmor Rasmussen (skrivar) og Lovise Sunde (kasserar).

- Men vi vil gjerne ha med fleire folk, både i sjølve laget og som hjelp med barnediskoteket. Konkurransen om tida til folk blir stadig hardare, men uskedelingane er flinke til å stilla opp, slår Thomas fast,

Som så mange andre uskedelingar kjenner han seg sterkt knytt til Helgheim fordi han bokstaveleg tala har vakse opp der.

- Eg var ofte på diskotek og klubb der då eg gjekk på barneskulen og hugsar ikkje minst det omreisande diskoteket Crazy Duck. Vi dansa også gamaldans og det var veldig kjekt. Eg var borte nokre år, men kom att då eg var 23 og for halvtanna år sidan fekk nokon meg med i arbeidet med barnediskoteket. Slik var det at eg etterkvart også sa ja då Rigmor og Olaug spurde om eg ville bli formann i laget.

Det er ei inspirerende oppgåve, seier Thomas.

Når det gjeld tilstanden til Helgheim, er han glad for at taket er førebels tett etter stor dugnadsinnsats leia av den alltid like oppofrande Audun Eik. Det som no skal skje er pussing og lakking av golvet i salen, utskifting av det elektriske anlegget, utskifting av vindauga i salen og måling utvendig..

Det er teke opp lån på 100.000 kroner og gjeve kommunal støtte på 50.000 og no står knapt 100.000 til disposisjon.. Laget er nødt til å leige inn folk til einskilde jobbar, men framleis vil mykje skje på dugnad. Vindauga vil bli skifta tidleg på nyåret og elanlegget skal vera ferdig før februar er omme. På våren blir det atter pensjonistfest i Helgheim og på forsommaren er lokalet igjen tinga til bryllup. Difor hastar det med opprustinga!

Thomas er ellers glad for at Fjelly ved Mannsvatnet no er i god stand og at hytta er så mykje nytta. Faktisk er den meir populær enn på lenge!

Av Ola Matti Mathisen



*Spelarar i komedien, «Lars Anders og Jan Anders og borna deira.» Sitjande frå venstre: Harald Sunde og Anne Gurine Bringedal. Ståande bak: Geir Eik, Kristian Bringedal, Kirsten Rød, Solbjørg Eik, Gunnvald Friheim, Ivar Kåre Døssland, Inger Lise Eidsvik, Inger Johanne Rød, Edvin Kjærland, Bjørgulv Eik, Margit Eik.*